

Nye Leirmo Bru ferdig.

Av Odd S. Handeland.



Ny «Leirmo Bru», den fjerde i manns minne.

Endeleg får ein tru dei har fått seg ei bru over Leirdøla om held ein støyt. Ein får vona at «Brimkjelen» ikkje får is-propp i holet, slik at den vert oppdemt, då kan det kanskje spørjast etter både bruer og demningar — I 1896 var det flaum i Leirdøla, ein flaum som var litt merkeleg — det var nemleg ikkje slik flaum i andre elvar i nærleiken. Så oppdaga dei «Brimkjelen» — ein gigantisk bredemt innsjø i ein sidedal til Tunsbergdalen. I 1900 fekk ein så storflaum att. Ei 100 år gamal bru for sin fos —.

Året 1926 kom Leirdøla med sin tredjefats, då for gamle kvelvingsbrua ved Leirmo. Det var ei prektig bru, murt på kunstferdig vis — av gråstein.

På dette tidspunktet var volumet Brimkjelen rekna til omlag 25—30 millionar m³ — altså reint uhorveleg med vatn, som vart oppdemt.

Etter den fiste storflaumen, då sjølve Jostedalselfva vart oppdemt, grunna att Leirdøla førde med seg så mykje stein og morene ut i elbefaret til «mør fi», fekk både ein og hin merka det — det fortelst at Allsmo-gardane vart halvt sett under vatn — og sjølvfagt Leirmo fekk øydelagt mykje av bøane sine.

Denne nye Leirmo bru — er den 4. i manns minne. Den 3. står ennå, og vert brukt inntil nyebrua vert køyreflar.

Det er ei flott og god bru statskraftverka har sett opp her. Den er laga av såkalla spennebetongs-bjelkar, og det prinsippet går i fortheit ut på at i kvar bjelke (forfalsings-forma) vert det opppendt ein del wire som skal halda eit

spenn på omlag 10-20 tonn — alt etter som. Så vert desse sterke wirane støypt inn — og ein har fått ein spentbetong bjelke.

Desse bjelkane pleier å vera varskildle å arbeida med, då dei kan gå sund om ein ikkje handterar dei rett.



Endefundament — Leirno Bru.

Firma Gjerme og Hårklau på Voss er det som har montert brua. Dei gjorde ein god jobb med å frakta dei kolosale bjelkane til brua — dei minste veg 15 tonn, dei største 27 tonn!

Tilsaman er Leirno Bru på 57 meter, og er ei moderne bru, bygd etter alle kunstens reglar. Det er S. Ceg-Henriksen som har hatt hovudentreprisen på bygget, med statskraftverka som byggherre.

Anleggsleiar for denne brua har vore Fridtsof Mjones, Ceg-Henriksen. Det er verkeleg ei stasbru dei har fått over Leirdøla nå — ein får berre vona at Brimkjelen held seg i ro.

Ferdigbetong til fundament og dekke, er levert av Vigdal Betong.

* * *

